

Ein røyndom media teier om.

Det norske folket vert ført bak lyset. Politikarar og sentrale media teier om omfattande korrupsjon og maktmisbruk - tilhøve som Fampo¹ arbeider for å opplysa om og motverka.

Ytringsknebling på norsk.

Den 06.09.00 sende Radio Modum det andre programmet i serien *Det skjulte Norge*. Neste dag kommenterte Irene Mjøseng, redaktør i Bygdeposten, det som vart sendt i *Det skjulte Norge*, i ein leiarartikkel. Dagen etter vart ho oppringd av styreleiaren i avisa. Han kunne meddela at han hadde motteke to negative reaksjonar på leiarartikkelen til Mjøseng. På spørsmål om kven som hadde teke kontakt, kunne ikkje styreformann Bjørn Larssen svara på det, berre opplysa om at reaksjonane kom frå eksternt hald. Mjøseng oppfatta oppringinga frå styreformannen som eit pålegg om å ikkje prenta fleire artiklar eller leiarar av same karakter. Ho fann at det at styreleiaren freista å stogga omtale av visse tilhøve, ikkje samsvarer med dei retningslinene ein ansvarleg redaktør skal fylgja, og kommenterte innblandinga frå styreleiaren i leiarartikkelen *Ytringsfrihetens pris* 12.09.00.

13. september 2000 vart Mjøseng suspendert frå stillinga som redaktør. 31. oktober vart ho oppsagd. Til Drammens Tidende sa Larssen at Bygdeposten valde å suspendera ho av omsyn til hennar eigen tryggleik; Larssen uttalte at ho sjølv sa at ho var i reell fare av di ho hadde ytra seg for mykje(!)

Mjøseng gjekk til sak for usakleg oppseiing. I rettssaka grunn gav Bygdeposten oppseiinga annleis: Hovudpunktet var at Mjøseng ikkje ville innordna seg etter grunnsynet til medieverksemda, som innebar at Bygdeposten skal drivast etter lokalavis-konseptet, og at ho hadde stadfesta dette på styremøtet 10. oktober. Referat frå møtet syner at det er falsk forklaring.

"Retten er enig med saksøkte i at hun derved har fraveket avisens redaksjonelle grunnlag idet dette emne ikke er sammenfallende med det lokalaviskonsept hun som redaktør i Bygdeposten er bundet av" skreiv domar Hagelund i Drammen byrett. Dette er ein overkvalifisert absurditet. At ei avis vert driven etter eit lokalaviskonsept, vil seia at ho skal vera god på lokalt stoff, ikkje at visse emne er utelukka. Dessutan hadde artiklane om maktmisbruk lokal tilknytning, t.d. gjennom organisasjonen Fampo, registrert med adresse Solumsmoen. Domaren understreka at Mjøseng heldt fram å prenta dei aktuelle artiklane og leiarane til trass for oppmoding frå styreformannen om å la dette vera. Domaren hadde tydelegvis ikkje fått med seg at det er redaktøren som har ansvaret for innhaldet i avisa.

Mjøseng påkjærte slutninga. Borgarting lagmannsrett måtte gå mot byretten på alle punkt. Det medførte ikkje at Mjøseng fekk medhald; Borgarting hadde sin eigen vri. Lagmannsretten skriv i slutninga si at det framstår som "åpenbart at Mjøseng er blitt påvirket av Hiåsen [leiar i Fampo] og/eller FAMPO i den grad at det kan reises berettiget mistanke om ikke denne påvirkning har hatt innvirkning på hennes redaksjonelle linje og dermed på hennes

¹ Folkeaksjonen mot maktmisbruk, politistat og overgrepskultur - <http://home.no.net/fampo>. Fram til oktober 2007 bruka organisasjonen forkortinga FAMPO, noko som speglar seg i nokre sitat i artikkelen.

uavhengighet.” Lagmannsretten freista ikkje å grunngje at redaktøren hadde late seg påverka, men hevda at det var ”åpenbart”. Openberring som rettsleg grunnlag...

La oss sjå nærare på kva som vart prenta i Bygdeposten føre det vart sytt for å fjerna redaktøren. Artikkelen *Tvangsinnlagt uten grunn* handla om ei kvinne frå Bærum som vart henta i heimen sin og brakt til Blakstad sykehus tre gonger utan innleggingserklæring. Artikkelen *Den siste sovjet-staten* dreidde seg m.a. om at Sunnmøre politikammer kravde mentalobservasjon av Kåre Torvholm og Oddmar Remøy. Kåre Torvholms avsløringar av økonomisk kriminalitet skal me koma attende til seinare.

Oddmar Remøy og Kåre Torvholm var sikta for å ha sett fram trugsmål og å ha opptredd trugande andsynes lensmannen på Herøy. I artikkelen *Vil ha justismord* 27. april 2000 kunne Mjøseng visa til ein artikkel i avisa *Fiskaren* 19. april. Der kom det fram at påtalemakta viste til ein journalist som vitne. Denne journalisten vedgjekk seinare (i ein lydbandteypa samtale) at han ikkje var til stades i det aktuelle rommet, og at han ikkje hadde høyrte dei samtalane påtalemakta hadde vist til i *Fiskaren*. Fylgjeleg var grunnlaget for sikting falskt.

”Bygdepost-saka” er hovudtemaet i rapporten *Ytringsfrihetens pris i Det skjulte Norge*². I rapporten påviser Dag Hiåsen at to rettsinstansar underslo framlagde dokumentprov frå saksøkjaren, eit klårt lovbrøt. Rapporten kler òg av løgner generalsekretær Nils E. Øy planta ut om saka, og løgntplanting i *Drammens Tidende*.

I leiaren *Radio med mening* (som handla om Radio Modum) skreiv Mjøseng m.a.: ”Tre nærradioer som har begynt å bruke sendetid på disse saksforholdene har blitt fratatt konsesjonen tvert. En av dem var studentradioen i Tromsø.” Med hjelp frå rettsstellet vart jamvel avslørande journalistikk i Bygdeposten stogga.

Psykiatri som høver ein diktaturstat.

Noreg er det landet i Europa der flest menneske vert tvangsinnlagde i høve til ibuartalet. Årleg vert om lag 10.000 nordmenn tvangsinnlagde. Ein analyse SINTEF gjorde i 1996, viste at om lag 45 prosent av alle innleggingar i norsk psykiatri skjer ved bruk av tvang. For andre land i Europa utgjorde tvangsinnleggingane mellom 5 og 15 prosent. Tala bygde for Noreg sin del ikkje på eksakte tal. Fordi mange sjukehus ikkje rapporterer om tvangsinnleggingar, finst det ikkje god statistikk over talet på tvangsinnleggingar.

I ein del andre land har dei ein rettsinstans som tek stilling når legen krev tvangsinnlegging. Det har me ikkje i Noreg; i Noreg kan ein klaga til ein kontrollkommisjon fyrst etter at ein er lagt inn. Då er det ofte svært vanskeleg for pasientane å fremje saka si, m.a. fordi dei er neddopa med medisinar.

Me har mange døme på ei sers alvorleg form for misbruk av psykiatrien i Noreg - sjukeleggjering og tvangshandsaming av menneske som avdekkar korrupsjon og maktmisbruk. Det mest vèlkjende dømet er Juklerød-saka. Arnold Juklerød vart tvangsinnlagd ved Gaustad sykehus i 1971 med diagnosen *kverulant paranoia*. I fylgje legane ved Gaustad hadde Juklerød ”ukorrigerbare paranoide vrangforestillinger” om at lokale styresmakter braut lova i samband med ei skulenedlegging. Som Trond Skafnesmo seinare kunne dokumentera,

² Se <http://home.no.net/fampo/ytringsfriheten.pdf>.

og som departementet innrømde i 1995, var ”vrangførestillingane” sanne. Likevel vart diagnosen aldri sletta.

Ei av dei som er vorten framstilt som psykisk sjuk og tvangsinnlagd, er diplomaten og juristen Synnøve Fjellbakk Taftø. Taftø har skrivne boka *Skjoldmøysagaen* (kan lesast på Fampos sider), der ho skriv om røynsle sine frå den norske utanrikstenesta.

Sunnmørspolitiet sitt ynske om mentalobservasjon av Kåre Torvholm og Oddmar Remøy er omtala over. For Remøy sin del fanst ei talande grunngjeving for tvangsinnlegging. Bjørn Martin Aasen, kommunelege i Herøy og tidlegare statssekretær i Brundtland-regjeringa, gav fylgjande grunngjeving for å tvangsinnleggja Remøy: ”Han høyrer til eit sivilt nettverk av både lokal, nasjonal og internasjonal tilknytning som har til formål å avdekke kriminelle ting som foregår i det offentlege for å få ting over i meir produktiv lei. Etter mi meining er krava i lph 3 innfridde”. Her er ’lph 3’ forkorting for dåverande lov om psykisk helsevern, §3.

På vevsidene til Fampo kan ein lesa rapporten *Menneskerettigheter - Rettssikkerhet - og Psykiatri* som Dag Hiåsen skreiv i samband med handsaminga av ny psykiatrilov i 1999. Rapporten tek m.a. føre seg kontrollkommissjonane, som skal ivareta rettstryggleiken til dei innlagde. I 1997 vart 9.651 menneske tvangsinnlagde i Noreg. Talet på klagar som dei psykiatriske kontroll- og klageinstansane gav medhald til, var 49. Det er mindre enn talet på kontrollkommissjonar i Noreg (57)!

Dei siste åra har bruken av ADHD-medisinar hjå born og unge skote i veret; bruken er tidobla sidan 1996. SNs narkotikaorgan har uttrykt at dei er uroa over den sterke auken i Noreg, som er eineståande i Europa³. Ritalin har vore det mest brukte preparatet mot ADHD. Desse pillane inneheld metylfenidat, eit sentralstimulerande narkotikum som er nestan identisk med amfetamin. Dei siste åra har det i tillegg kome nye preparat som Concerta og Strattera. På FAMPO sine sider kan ein lesa meir om spørsmål knytte til biverknader og alternativ.

Barnevern.

Forskar Joar Tranøy har skrivne ein rapport for Universitetet i Stockholm, der han ser på metodebruken til sakkyndige psykologar i barnevernssaker. Tranøy gjennomgjekk arbeidet til dei sakkyndige i 37 saker der foreldrar tok kontakt, og fann ei rekkje metodiske manglar:

Manglande kjeldekritikk: I 32 av dei 37 utreiingane fann Tranøy manglande kjeldekritikk av ulik karakter og omfang. Konklusjonen i 18 sakkyndige utreiingar viste til andrehandsopplysningar innhenta frå rapportane til barnevernet. I 16 sakkyndige rapportar førekom opplysningar som var baserte på sladder og rykte, ”bekymringsmeldingar”. Ikkjekontrollerte opplysningar er ukritisk gjevne att som faktum i 18 saker. Dekontekstualisering førekom i 28 av dei 37 rapportane. Dekontekstualisering kan m.a. dreia seg om å underslå opplysningar i samband med personschildringar. Dekontekstualisering kan òg gå ut på at den sakkyndige tek lutar av ein tekst eller ei handling ut or samanhangen og dermed hindrar lesaren i å skjønna samanhangen.

Tranøy fann òg attgjevingsfeil som råka biologiske foreldrar, og tendensiøse framstillingar. Eit døme på ei tendensiøs framstilling er fylgjande utsegn frå ein rapport: ”*Far opptar for*

³ Dokument 2 27. februar 2006

eksempel hele spisebordet med sine hobbyaktiviteter og det er svært uryddig og til dels skittent i huset.” Den sakkyndige observerte dette berre i kort tid (15. min. i fylgje biologiske foreldrar). I fylgje foreldrar og naboar var det vanleg at borna deltok i hobbyarbeidet, som var bygging av modellfly. Den sakkyndige hadde ikkje undersøkt dette.

Tranøy tek opp fleire manglar ved rettstryggleiken i barnevernssaker. Utreiinga til ein barnevernsutreiingar kan samanliknast med oppgåva til ein politietterforskar; både skal finne fram til dei faktiske tilhøva. Ein skal ta stilling til om tiltalte vert dømd eller frifunnen, eller om barnet skal fjernast frå familien sin.

Rolla til ein politiutreiingar er nøye regulert i straffeprosesslova og føreskrifter. I barnevernssaker er dette heilt annleis. Det manglar heilt reglar for innhenting av informasjon. Den einskilde barnevernsarbeidaren avgjer fritt om samtalar med impliserte skal takast over telefon eller ved personleg frammøte. I stor grad vert telefon bruka. Ein får ikkje lese opp det sakshandsamaren skriv ned, og opplysningane vert ofte skrivne ned utan at eit einaste kontrollspørsmål vert stilt.

I barnevernssaker byggjer ein ofte på anonyme meldingar. Desse vil det vera umogleg å forsvara seg mot, fordi ein ikkje veit kven kjelda er, om kjelda er truverdig, om kjelda har fyrstehands kunnskap, eller berre har høyrte meir eller mindre lause rykte, om kjelda står i eit motsetnadstilhøve til føresette osv.

Sakkyndige vert oppnemnde av barnevernet, utan føregåande kontakt med den private parten. Ofte brukar ein sakkyndige frå ei liste utarbeidd av barnevernet, eller med nær tilknytning til barnevernet. Psykologar som har fleire sakkyndige oppdrag i barnevernssaker, opptre ikkje sjeldan på møte med barnevernet utan at den private parten er til stades, og får svært einsidig informasjon. Slik får ein i utgangspunktet negative synspunkt på den private parten føre utreiinga er starta, og den sakkyndige kan dermed byggja på faktisk gale grunnlag.

Eit anna problem er psykologar som hyppig byter rollar i barnevernssaker. Sverre Kvilhaug har lang røynsle som advokat i barnevernssaker og vert i Noreg rekna som ein markert kritiskar av rolla til dei sakkyndige i barnevernssaker. Kvilhaug reiser spørsmålet om kravet til rettviss rettargang vert oppfylt:

"Menneskerettskonvensjonens artikkel 6 foreskriver at enhver har krav på rettferdig rettergang. Dette gjelder også i barnevernssaker i fylkesnemnd og domstoler vedrørende omsorgsovertakelse av barn, tilbakeføring og samvær. Psykologene har i disse sakene en svært spesiell rolle. De betales av barnevernet for å være med og avgjøre sakene. Slik skifter de stadig hatter. Omfang og økonomisk betydning for ganske mange psykologer er slik at det er rimelig å spørre om psykologenes rapporter, men også deres stemmegivning, påvirkes av deres økonomiske interesse av å sikre nye oppdrag for barnevernet. Underlig nok synes problemstillingen hittil ikke å ha plaget fylkesnemndlederne, domstolene eller departementet. I straffesaker ville et tilsvarende hattebytte aldri ha blitt akseptert og ikke engang funnet på".

Kvilhaug utdyper dette slik:

"Jeg skal illustrere omfanget: En psykolog i Nordfjordeid opplyste i 2001 at hun hadde hatt cirka 40 saker som betalt sakkyndig for barnevernet og cirka 50 saker som sakkyndig medlem av to forskjellige fylkesnemnder. Vel ett år senere hadde hun hatt ytterligere elleve oppdrag for barnevernet og fem for fylkesnemnd, hun hadde dessuten vært fagkyndig meddommer i

herredsrett. Kan man ha tillit til at en psykolog som har så mange oppdrag for barnevernstjenester som forannevnte tilfelle viser, av stor økonomisk betydning for vedkommende psykolog, vil gi eller er i stand til å gi den private part i en barnevernssak en saklig og rettferdig behandling? Vil ikke de fleste tro at slike psykologer gir barnevernet medhold i bortimot 100 prosent av sakene, og er det ikke nettopp det disse psykologene i praksis gjør? Er det noen som tror at en psykolog som stemmer mot barnevernet, har særlig mulighet for å få et oppdrag for barnevernet senere?"

Eit døme kan illustrere korleis mange sakkyndige psykologar opptrer i barnevernssaker. Cand. jur Herman Berge fann ved søk på Lovdata fylgjande mønster hjå ein sentral psykolog tilknytt FOSAP (Forum for sakkyndige psykologer):

"Ved en gjennomgang av de 33 avgjørelser som jeg fant på Lovdata, finner man ingen avgjørelser hvor Poulsson ikke har konkludert til fordel for sin oppdragsgiver. Man kan dermed trygt konkludere med at Poulsson konsekvent konkluderer i tråd med oppdragsgivers ønsker og syn. Poulssons arbeid har derved - etter mitt syn - overhodet ingen verdi som fagmateriale, og er - slik det fremstår - naturlig nok uegnet - og endog skadegjørende - i barnevernssaker".

I oktober 2006 vedtok Stortinget fleire endringar i barnevernslova. Den nye § 7-8 gjev departementet høve til å fastsetja kva for advokatar som kan representera den private parten i barnevernssaker, eit klårt brot på rettsstatlege prinsipp:

Fylkesnemnda skal sørge for at det blir oppnevnt advokat for de private parter. Advokaten skal omgående gjøres kjent med begjæring om tiltak med vedlagte dokumenter, og gis frist for tilsvar etter § 7-11. Departementet kan gi nærmere bestemmelser om utvalg av advokater som kan oppnevnes for privat part i saker etter § 7-23.

På Fampos sider kan du lesa ein artikkel om ei illgjeten barnevernssak - "Svanhild-saka". Som privat oppnemnd sakkyndig kunne Joar Tranøy påvisa for Hålogaland lagmannsrett at sakkyndig Trond Skjæveland hadde sitert sentrale vitne feil. Dette vart ikkje nemnt i domnen frå lagmannsretten. Dermed har lagmannsretten lagt skjul på sanninga - eit alvorleg lovbrot.

Økonomisk kriminalitet og skjulte netverk i fiskerinæringa.

I boka *Fragler - finst dei?* (<http://home.no.net/fampo/fragler.html>) skriv tidlegare stortingsrepresentant Marie Lovise Widnes (SV) om grupperingar som styrer på sida av demokratiets spelereglar. Widnes skildrar korleis Stortinget vart feilinformert då det innførte karensdagar for fiskarar, ei ordning som varte fram til 1987. Fiskarar som stod på for å påvisa dette, fekk inga støtte frå Norges Fiskarlag. I staden får me eit innblikk i ein organisasjon som nyttar trening og represaliar som t.d. eksklusjon.

Om pensjonsordninga til fiskarane skriv Widnes m.a.: "Når ein då i rekneskapa, finn milliardstore minuspostar på inntektssida, som ingen gjev forklaring på, og andre merkjelege måtar å føre rekneskapa på, og veit at revisjonen har godteke det utan å mukke, vert ein etterkvart noko tvilande til heile rekneskapsførselen." I strid med fondslova stod pensjonsmidla til fiskarane på lågrentekonto i ei tid med svært høge marknadsrenter. Widnes

stiller spørsmålet om pengar frå fiskarane sine trygdeordningar er gått til å finansiera etterretningstenesta.⁴

I boka skriv Widnes om arbeidet Kåre Torvholm (1941-2000) frå Herøy gjorde for å avdekka svartfiske og underslag m.o.t. fiskarane sine trygdeordningar. Torvholm var ein av dei som Norges Fiskarlag ekskluderte. Han var òg ekstern vegleiar for Torstein L. Hansen si hovudfagsoppgåve om økonomisk kriminalitet i norsk fiskerinæring.

I avsnittet *God dag mann økseskaft - på Stortinget* skriv Widnes om då ho tok opp tilhøve Torvholm hadde gjort henne kjend med, i spørjetimen i Stortinget i februar 1993. Widnes stilte dåverande justisminister Grete Faremo eit prinsipielt spørsmål om politiet var friteke frå å etterforska saker som gjelde fiskeriforvaltinga. Bakgrunnen var at lensmannen i Herøy hadde vegra seg for å ta imot melding eller etterforska då Kåre Torvholm leverte ei melding til politiet. Den som les svara Faremo gav på oppfølgjande spørsmål frå Widnes, ser klårt korleis justisministeren stilte seg til dokumentasjonen frå Torvholm.

I *Sunnmørsposten* 17.07.01 kunne ein lesa artikkelen *No skulle Kåre ha levd*. Der skreiv journalist Kjetil Haanes m.a. følgjande: "Siste året har det nesten ikkje gått ei einaste veke utan at nye fiskefusksaker har dukka opp. Tilliten til norsk fiskerinæring er på botniva." Og lengre ute i artikkelen: "Fleire aktive fiskarar har også teke kontakt med meg og sagt at "hadde du berre visst kor rett han Kåre hadde", og ein tidlegare sentral fiskeripolitikar og Torvholm-kritikar måtte til slutt vedgå at "han Kåre hadde visstnok mykje rett, likevel."

Under avsnittsoverskrifta *Åtvara journalistar* fortalde Haanes at pressedekning av dokumentasjonen til Torvholm vart stogga: "Historia dømer, og domen kan vere nådelaus, ikkje minst for dei som vert avslørte for å ha spelt med falske kort. Enkelte av desse går i dag litt stille i dørene, mellom anna dei som i si tid kontakta journalistar og kom med råd om at journalistane måtte halde seg vekke frå Kåre Torvholm. Viss ikkje, ville dei verte sett på som useriøse og få problem med å skaffe seg informasjon vart det sagt."

Politikarane er informerte.

Alle stortingspartia er vortne kontakta av Fampo. Den fjerde september 2004 sende Erik Strand, styremedlem i Fampo, eit ope brev til medlemene av Stortingets justiskomite. I brevet tok Strand m.a. føre seg "Bygdepost-saka" og misbruk av psykiatrien. Dåverande komiteleiar og noverande justisminister Knut Storberget stadfesta i ein e-post at han hadde lese det opne brevet! I tillegg har samtlege av dagens stortingsrepresentantar motteke *Åpent brev til stortingskandidatene i 2005*. Dei folkevalde er gjorte kjende med grov korrupsjon, og har inga orsaking for ikkje å gjera noko.

Tidlegare justisminister Odd Einar Dørum må vera spesielt godt kjend med kva Fampo kan leggja på bordet, då Fampo stilte til eit møte med to av dei politiske rådgjevarane hans i Justisdepartementet 31.08.04. Då dette møtet vart halde, hadde det gått føre seg ein debatt på Venstres debattforum på verdsveven, *Talerstolen*, der fleire av partifellane til Dørum avslørte seg sjølve grundig. Denne debatten starta med eit innlegg 05.02.04. I innlegget kommenterte Erik Strand eit brev der organisasjonssjefen i Venstre, Runolv Stegane, kom med fleire

⁴ Dette tek òg tidlegare statssekretær Oddmund H. Hammerstad opp i avsnittet *Stay behind i fiskarlag og bonde- og småbrukarlag* i boka *Oppgjør med maktspill og overgrep i de hemmelige tjenestene*.

personangrep mot Dag Hiåsen, leiar for Fampo. Stegane underteikna brevet som varaordfører i Sigdal kommune, der Hiåsen er busett. Strand kommenterte òg "Bygdepost-saka" og korleis Hiåsen var blitt handsama frå kommunalt hald.

Stegane kvitterte rakst med eit innlegg spekka med usanne påstandar om m.a. "Bygdepost-saka". I fylgje Stegane opptredde Hiåsen som prosessfullmektig og advokat i saka og møtte ikkje opp i den avgjerande rettsforhandlinga. Både påstanden om at Hiåsen opptredde som advokat og prosessfullmektig, og at han ikkje møtte opp i retten, er blank lygn. Vidare skreiv Stegane at redaktøren ukritisk prenta påstandar frå Hiåsen med fleire (utan å gje døme).

Stegane kunne meddela at han var mildt sagt lite imponert over rapporten *Ytringsfrihetens pris i Det skjulte Norge*, som i fylgje Stegane oste med påstandar om til dømes overvaking (overvaking var ikkje eit tema i den utgåva av rapporten Stegane hadde motteke). For eigen del avslutta Stegane debatten med denne kraftsalva om "Bygdepost-saka": "Dette er en trist historie som kunne vært unngått dersom hun [redaktøren i Bygdeposten] ikke hadde latt seg hjernevaske av personer som opptrer som relegiøse fanatikere med monopol på den rette lære. Det er trist å se at Erik Strand, cand. scient (iflg. Hiåsen) går i samme fella."

I eit ope brev til Lars Sponheim bad Strand Venstre-leiaren om å ta avstand frå dei usanne påstandane organisasjonssjefen i partiet hadde sett fram om "Bygdepost-saka". Sponheim svarte ikkje på brevet sjølv, men Venstres generalsekretær Terje Breivik skreiv eit god dag mann økseskaft-svar - Sponheim og Venstre har ikkje villa ta avstand frå usanne påstandar organisasjonssjefen i Venstre har sett fram om ei alvorleg rettssak på vevsidene til Venstre.

I byrjinga av august 2004 la Strand ut *Åpent brev til Odd Einar Dørum* som debattinnlegg på Talerstolen. Same dagen kom ein replikk frå Marit Meyer, politisk rådgjevar for Dørum. Ho meddelte at det opne brevet allereie var motteke i Justisdepartementet, og at Fampo i nær framtid ville verta invitert til eit møte i Justisdepartementet.

Etter telefonsamtalar om passande møtetidspunkt mottok Fampo ein e-post med fylgjande melding: "Statssekretær Rita Sletner og politisk rådgiver Marit Meyer kan ta imot dere 31. august kl. 1300 – 1400." Fampo stilte til møtet den 31. august og vart meddelt at Rita Sletner likevel ikkje kunne stilla, og at møtet grunna pressa tidsskjema ville vara noko kortare. For justisdepartementet stilte dei politiske rådgjevarane Marit Meyer og Kjersti M. Høgestøl samt ein representant for politiavdelinga.

Sjølv om møtet varte i under 40 minutt, rakk Fampo å gå gjennom diverse alvorlege tilhøve - og å overrekkja *Ytringsfrihetens pris i Det skjulte Norge*. Fampo sytte for å festa heile møtet til lydband, inklusive ei forsikring om at Fampo ville motta skriftleg tilbakemelding frå departementet med utgangspunkt i rapporten.

Eitt år seinare, 31. august 2005, var inkje svar kome frå Justisdepartementet. Då skreiv Strand eit nytt innlegg på Talerstolen. Det hadde overskrifta *Gratulerer med dagen*. Strand viste til møtet i Justisdepartementet og lovnaden om skriftleg tilbakemelding. Strand understreka at lovnaden om tilbakemelding vart teken opp på lydband.

Av tre korte tilsvaer kan ein merka seg fylgjande replikk frå Marit Meyer: "Jeg var da den person i justisdepartementet som hadde møtet med FAMPO i fjor. Og jeg kan jo fortelle at det ikke på noe tidspunkt ble opplyst at møtet ble tatt opp på teip. Noen mikrofon så jeg heller

ikke". Det Strand etterlyste - tilbakemelding med utgangspunkt i overrakt dokumentasjon - hadde Meyer inkje å meddela om. Tilbakemelding kom aldri frå departementet...

Ran og nøytralisering.

Ran og nøytralisering. - *Stat i staten-klanens velferdsstat*⁵ er titelen på ein rapport der Dag Hiåsen tek føre seg ei rekkje tilhøve i Noreg. Søkjelyset vert retta mot ikkje-rettsstatlege tilhøve som årsak til aukande fattigdom i Noreg. I stor skala vert pengar og realkapital førte over på fåe hendar via ulike arrangement. I rapporten siterer Hiåsen omfattande frå aviser og debattprogram og påviser at dei forklaringane vi får servert når det gjeld fattigdoms-problematikk og andre alvorlege tema, ikkje stemmer med fakta.

Rettsvesenet er eitt av felte rapporten tek opp. "Domsstolene er livsfarlige for vanlige folk" var overskrifta på ein artikkel i Økonomisk Rapport 02/1998. Teksten vart innleidd som fylgjer: "Skremmende er virkeligheten Økonomisk Rapport har avdekket (...)." Vidare frå innleiinga: "Dommerne dømmer i hytt og vær". "De misforstår lover (...), forstår ikke hva saken dreier seg om eller lar sympati gå foran fornuft når de dømmer."

Under overskrifta "Livsfarlige rettsaker" var fylgjande tekst innrama: "Skremmende er vår konklusjon etter å ha gjennomgått så godt som alle dommer ved Borgarting Lagmannsrett i fjor. **Vanlige mennesker har ingen rettsikkerhet, men risikerer å bli flådd for opptil en halv million kroner på bagatell-saker.** [vår uth.] Hvis du ikke passer deg, er du den neste."

Framstillinga til Økonomisk Rapport er diverre rett. Fritz Moen vart fyrst etter at han var daud frifunnen for drap han ikkje kunne ha stått bak. Liland-saka er ein annan juridisk skamplett. Og sjølv om "prova" for at Fredrik Fasting Torgersen stod bak eit grotesk seksualdrap i 1958, for lengst er diskrediterte, vart kravet om gjenopptaking avslått. Tidlegare forlagssjef Andreas Skartveit uttrykte det råkande då han i kronikken *Råte i den norske rettsstaten* (Aftenposten 06.07.98) skreiv, etter å ha ramsa opp fleire stygge saker: "**Det alvorlege med desse feila er kanskje ikkje først og fremst at dei er så mange. Det alvorlege er at dei er så stygge. Og det verste er at det kanskje er råd å sjå mønster i feila.**"

Mange som har kontakta Fampo, har vorte utsette for det norske rettsvesenet. Saker der Fampo har motteke dokument, viser ei rettsløyse i eit skremmande omfang. Det omfattar saker der menneske har måtta selja huset som ei fylgje av rettslege arrangement. Ei stygg sak som kan nemnast spesielt, handlar om tvangssalet av egedomen til Nils T. Koppen for 350 000 kroner. Egedomen vart seinare parsellert og seld for 16 millionar.

Fleire artiklar på Fampo sine sider handlar om saka mot homøopaten Atle Johan Løvaas. I detalj gjer Hiåsen reie for kvifor saka kan kallast ein moderne hekseprosess frå påtalemakta si side. Løvaas vart frifunnen for brot på lova om alternativ handsaming i Gulating lagmannsrett. Då påtalemakta anka til Høgsterett, avviste Høgsterett saka av di tiltale ikkje vart reist av rett påtalemakt (frå Løvaas si side vart dette peika på allereie i byrjinga av saka). I eit oppslag med overskrifta *Polititabbe avslørt* 15.04.07. skreiv Eir Stegane i *Bergens Tidende* at Høgsterett hadde oppheva "dømmene mot Atle Johan Løvaas" I buarane i byen der Løvaas har

⁵ Sjå <http://home.no.net/fampo/klanen.pdf>.

praksisen sin, vart med dette fortalde at det fanst ein dom mot Løvaas, som vart oppheva pga. ein polititabbe - med dei konsekvensane ei slik framstilling har for Løvaas. Bergens Tidende har avvist å ta inn ein kronikk der Hiåsen tilbakeviser framstillinga i *Polititabbe avslørt* - til trass for at Hiåsen understreka dei strafferettslege konsekvensane av uriktige erklæringer, både for Bergens Tidende og for juristar som uttalte seg til avisa.

I mange sakar har advokatar opptreidd på motparten si side. Eit døme finn me i saka der ei kvinne vart tvangsinnlagt ved Sykehuset Innlandet HF i november 2004. Ho sa klårt frå om at ho ikkje ville la seg representera ved advokat Nyheim då ho klaga på tvangsinnlegginga. Likevel prosederte advokat Nyheim "saka hennar" andsynes kontrollkommisjonen ved å meddela kontrollkommisjonen at han ikkje hadde merknader til at grunnvilkåret for tvangsinnlegginga - alvorleg sinnsliding - førelå.

Rapporten siterer fylgjande frå NRK tekst-TV 25.12.05: "Hver tredje arbeidstaker innen pleie og omsorg, skole og barnevern sier at de ikke tør å varsle ledelsen om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Årsaken er frykt for represalier viser den største undersøkelsen til nå i Norge om varslere på arbeidsplassen." Vidare: "Represaliene innebærer blant annet å bli frosset ut, fratatt arbeidsoppgaver, ikke få lønnspålegg, og å bli overtallig." Rapporten *Prosjekt Munnkurv* vart utarbeidd på oppdrag frå Norsk sykepleierforbund. Her eit kort utdrag frå kommentarar til rapporten frå tidlegare redaktør for magasinet *Psykisk helse*, Bente Riise, prenta i *Dag og Tid* 18.12.04: "Heile 43 prosent av sjukepleiarane fryktar sanksjonar om dei ytrar seg offentleg om tilhøve som gjeld helsa til pasientane. - Halvparten har anten sjølve fått eller sett kollegaer som har fått negative reaksjonar etter å ha teke opp kritikkverdige høve internt. - Avgrensingane i ytringsfridom er uakseptable."

Hiåsen siterer òg frå kronikken *varsling - en risikosport* av professor i medisinsk etikk ved UiO og UiB, Jan Helge Solbakk, prenta i *Morgenbladet*. Solbakk viser til eit høyringsframlegg til nye reglar som skal styrke ytringsfridomen til tilsette, inkludert retten til å ytra seg om kritikkverdige tilhøve i den verksemda dei arbeider i, såkalla varsling. Høyringsnotatet vart sendt ut av Arbeids- og sosialdepartementet 23.12.05. Departementet skriv:

"Det foreslås en hovedregel som slår fast at arbeidstakere har rett til å uttale seg på egne vegne om forhold som berører virksomheten de arbeider i. Ytringsfriheten skal utøves på en måte som ikke skaper unødig risiko for skade på arbeidsgivers saklige og tungtveiende interesser. Det foreslås også en særregel om retten til å varsle om kritikkverdige forhold. Varslingen skal skje på en forsvarlig måte. Ved varsling til media skal det særlig tas hensyn til om varslingen bygger på et forsvarlig grunnlag, om de forhold det varsles om har allmenn interesse og om arbeidstaker først har varslet internt såfremt dette er hensiktsmessig. Forslagene lovfester gjeldende grenser for ytringsfriheten"

Solbakk innleiar sine kommentarar til dette med å visa til at det då høyringsfristen utløp, berre var kome høyringsuttale frå 56 av dei 176 tilskrivne institusjonane og einskildpersonane. Solbakk meddeler: "Av de sentrale medisinske og helsefaglige instanser er Statens helsetilsyn den eneste som har uttalt seg. På tross at departementets lovforslag vanskelig kan oppfattes som en styrking av arbeidstakers ytringsfrihet eller varslingsrett, men snarere som et forsvarsskrift for arbeidsgivers beskyttelsesbehov i slike situasjoner, har Helsetilsynet ikke funnet grunn til å komme med en eneste kritisk merknad til de forslagene til nye regler som skal erstatte § 2 - 4 i arbeidsmiljøloven".

Solbakk held fram med å skriva: ”Som påpekt av professor Henning Jakhelln - en av våre fremste rettslærde på området - vil en lov hvor fokus flyttes fra varslingens objekt til dens subjekt, til spørsmålet om korrekt framtrede fra varslers side, bidra til at sistnevntes handlingsmuligheter begrenses kraftig.” Lovforslaget som i namnet skal styrke rettsvernet til varslarane, gjer i røynda det stikk motsette.

Hiåsen viser til fleire stygge døme på at menneske er blitt møtte med ulike former for represaliar fordi dei har våga å gå ut med tilhøve som ikkje toler dagens lys. Hiåsen viser til trugsmål mot Kåre Torvholm og familien hans (omtala i Sunnmørsposten). Trugsmåla omfatta òg Torstein L. Hansen. Desse trugsmåla vart òg omtala i boka *Oppgjør* av tidlegare statssekretær Oddmund Hammerstad. Ei grotesk sak er Finne-saka. Arkitekt Eirik Finne vart skvisa frå stillinga si då han kunne påvisa at ein vanleg takkonstruksjon er svært brannfarleg.

Også i rapporten *Menneskerettigheter - Rettssikkerhet - og Psykiatri* tek Hiåsen føre seg årsaker til fattigdom. Han viser til *Levekårsundersøkelse blant mottakere av grunnstønad. S.S.B 97/1*. I denne undersøkinga kom det fram at psykiatrisk diagnostiserte kom langt dårlegare ut enn andre diagnostiserte, både når det gjeld økonomiske tilhøve og sosiale kriterium. Blant dei intervjuja i denne undersøkinga er det til dømes ein større del av dei psykiatrisk diagnostiserte som har ektefelle eller sambuar i løna arbeid enn det tilfellet er for nokon av dei andre diagnostiserte kategoriane. Med dette utgangspunktet skulle ein venta at psykiatrisk diagnostiserte i det minste ikkje kom dårlegare ut enn andre grupper. Dermed er det rimeleg å venta at tilhøva for menneske som har fått ein psykiatrisk diagnose, er endå dårlegare enn det undersøkinga fortel.

Det gjeld deg òg.

Dei tilhøva me har omtalt over, kan berre halda fram så lenge den vanlege kvinne og mann er passive. Så lenge folk set seg til ro framfor kopekassa, kan dei som opererer som ein stat i staten, rolig halda fram. Då kan framleis uskuldige menneske verta utsette for psykiatrien, barnevernet eller rettsapparatet. Det er i dag ikkje kontroversielt å fella ein hard dom over ei nær fortid då frontal lobotomi og sterilisering av minoritetar vart godteke. Kva dom vil seinare generasjonar fella over dagens Noreg?

Din innsats kan vera med på å gjera det vanskelegare for ”Staten i staten” å driva sitt virke i det stille. Eit fyrste steg kan vera å kopiera og spreia denne artikkelen eller flygeblada som kan skrivast ut på Fampos vevsider.